
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 22. april 2015 15:52
Til: Postmottak Radøy
Emne: Til uttale - Radøy - Gnr 48 Bnr 3 - Bygging av landbruksveg - Anja Broch

Vi viser til tilsendte dokument i saka og telefonsamtale med Kristine Skaiaa Born 22. april. Det er snakk om å bygge ein enkel veg for hestar frå garden og opp til eit beiteområde. Vegen vil lette drifta ved at ein slepp å transportere hestane ein omveg, langs hovudvegen, til landbruksveg på oppsida av beitet. Vegen skal byggjast slik at det skal gå an å ri eller leie hestane frå garden og opp til beitet.

Vegen er planlagt i ei li med naturtypen rik edellauvskog (BN00001017 Solend sør). Verdien er vurdert til B (viktig), men det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista artar her, med unntak av alm som er raudlista som nær truga (NT) pga. almesjuka. I den delen av lokaliteten der vegen er planlagt står det òg nokre ganske store eiker og seljer.

Kommunen har vore på synfaring på lokaliteten saman med søkjar. Terrenget i området er svært bratt, og omsøkte trasé blir vurdert som einaste moglege veg opp til beitet.

Etter telefonsamtale med kommunen og vurdering av registrerte naturverdiar i området (Naturbase), har vi ikkje sterke motforestillingar til den planlagte vegen. Vi vil likevel understreke at ein så langt som råd må ta omsyn til store tre, særleg eik og alm.

Kunnskapen om naturverdiane i område blir vurdert som god. Tiltaket er såpass beskjedent, og naturtype og registrerte artar er såpass utbreidde at samla belastning ikkje blir vurdert som stor. Det bør òg vere ukomplisert å gjere lokale tilpasningar av omsyn til naturmangfaldet på staden.

Med helsing
Olav Overvoll
Seniorrådgjevar
Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvern- og klimaavdelinga
Tlf: 55 57 23 15